


Me viser til innsendte merknader frå Melingen/Edwardsen og reagerer på dei svært grove beskyldningane om løgner og svindel, som dei har framsatt mot oss. Me føler oss ganske trygg på at Alver Kommune klarer å sortere ut kva som er fakta i denne saka, men ynskjer allikevel å tilføre saka litt historikk:


Grunneigar bygde slippen i tida 1960 – 1963. Det blir fortalt at han bygde snekka si, mens den sto på slippen. Naustet bygde grunneigar rundt 1965 – 1966.

Seinare førte Arnold Birkeland opp eit naust ved sidan av grunneigars sitt naust, som han fekk "bruksrett til den eksisterende grunn til naust" på. Sidan slippen allereie låg der, kan ikkje dette naustet *ha lagt over slippen* slik Melingen/Edwardsen hevdar. Fleire bilder syner nok anna.


Første bilde her er over 20 år gammelt og viser hjørnepillar under naustet som sto der. Det andre bilde viser den samme hjørnepillaren i 2021. **Alle bilde dokumenterer kor naustet sto plassert.**



1. November 2005 vart det søkt om deling av grunn, Saksmappe 05/02402-2. Det vart lagt med situasjonsplanen som viser kva for areal som vart søkt om og kva som vart godkjent av kommunen. Situasjonsplanen til søknaden, samsvarer med plasseringa av naustet som vist på det første bildet og slik det faktisk var den gangen:




Under kartforetninga vart tomten utvida, utover det som var søkt om og lagt over den tinglyste servitutten.




Søkjar, og grunneigar, sine påstander om at dagens areal er det samme som vart kjøpt i 1981, er udokumenterte påstander.

Dagens grunneigar, Jorun S. Hodneland sin bekreftelse pr. e-post 14/6-21 setter me ikkje våras lit til, fordi Karstein Martin Hodneland aldri hadde inngått avtalen i 1994 om den hadde gått over ein annan eigedom, *enn sin eigen*.

Det som er dokumentert, er at Edvartsen overtok/kjøpte eksisterende grunn til naust:



Elsa Karin Edvardsen har overtatt *bruksrett til*
den eksisterende grunn til naust, som
Arnold Birkeland hittil har hatt
bruksrett til.



Hodneland 27/9-81

Karin Edvardsen kjøper av
oss den eksisterende grunn til
naust, som Arnold Birkeland
hittil har hatt bruksrett
til.

Hodneland 27/9-81
Jorunn S. Hodneland
Karstein Martin Hodneland.
Karin Edvardsen

Bildene og dokumentasjonen over viser kor naustet sto. Og slippen låg der *for* Arnold Birkeland sitt naust vart bygt.

Bildet under er frå våren 1992 og viser grunneigars snekke stå på slippvogna under presenning pga pågåande reparasjonsarbeid.

Me kjenner til personar som hjelpte grunneigar med dette reparasjonsarbeid i -92 .

Melingen/Edwardsen sin påstand om slippen:

I dispensasjonssøknaden skriver Magnar Skauge og Helge Fimland at slipp/batopptrekk er av samme størrelse og lengde som den hadde tilbake til 60-tallet. Det medfører ikke riktighet, da det ikke har lagt skinner på vår eiendom.
Dersom skinnene hadde lagt slik Fimland og Skauge ulovlig har lagt dem ville de gått gjennom naustet vårt, og det ville vært fysisk umulig å trekke opp en båt.
Til info ble vårt naust fjernet etter at stormen tok det i 2007, og vi fikk i fjor innvilget

Dette bildet, samt bilda over, syner at det ikkje låg noko naust der skinnene gjekk og at slippen faktisk var i bruk.



Søklar sine anmerkningar om at det ikkje finnes nokon heftelsar på 40/112, er jo fordi det den gangen ikkje var nokon interessekonflikt mellom naust og slipp.

Den oppsto først i 2006, når tomten vart utskilt frå 40/2 og lagt inn over slipp området.

Interessekonflikt eskalerte når Melingen/Edwardsen no planleggjer å byggje over servitutten, sjølv om dei muntlig & skriftlig, bekreftar at dei ikkje skal gjere akkurat det..!?: komme i konflikt med slippen.

Som dokumentert over, vart tomt 40/112 utvida ift det som var søkt om. Ein tinglyst servitutt vil ha rettsvern i forhold til ein tredjemann som grunneigar måtte overføre eigedommen til.

Etter vår meining må kvile ei særlig plikt på grunneigar om å informere kjøper om at det låg/ligg ein tinglyst servitutt under den nye utskilte tomten 40/112.

Slippen har lagt i eit naturleg naustmiljø i 60 år, inntil dagens grunneigar ulovlig fjerna den, utan vår tillatelse eller at me som eig den, var klar over dette.

Dersom noko er uklart eller Alver Kommune ynskjer å snakke med vitner angående dette, ver snill å ta kontakt.

Helsing Helge Fimland og Magnar Skauge
Eigarar av slippen.